



Octavia Sperati fra da hun var skuespiller ved Den Nationale Scene.

Det spøkjer på teateret!

Fleire skodespelarar og andre som jobbar på Den Nationale Scene i Bergen, er sikre på at det spøkjer der. Skodespelaren Octavia Sperati, som døydde for snart 100 år sidan, svever enno rundt og passar på det kjære teateret sitt, blir det sagt.

Nokre skodespelarar fortel at dei har fått hjelp av spøkjelset på scenen når dei har gløymt replikkane sine og ikkje veit kva dei skal seie. Ho sit og følgjer med frå ein fast plass i salen og svever inn på scenen. Nokon har sett dama med hatt, parasoll og rosa gallakjole på loftet. Nokon trur også at ho har hjelpt til med å fikse øydelagde ting på teateret, for eksempel då dreiescenen ikkje verka, men brått var i orden att.

Inne i teateret heng det eit stort portrett av Octavia. Når tilsette ved teateret går forbi biletet, helse dei respektfullt. Måleriet er eit mysterium i seg sjølv, for det har overlevd bombing under krigen og ein brann utan å bli øydelagt. Mange andre kunstsattar og bilete blei øydelagde, men biletet av Octavia Sperati hang uskadd midt iblant dei ...

Oppgåver

Sjå Elevbok 7A side 259.

Gjer oppgåvene 1, 3, 4, 5, 6 og 7.